



Berit Moslett Borge

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/401 - 23/19476

Saksbehandlar:
Dagrun Revheim
dagrun.revheim@osteroy.kommune.no

Dato:
01.09.2023

Orientering til Valstyret om nytt vallokale på valdagen i Valestrand krins

I samband med samling med røystestyra i går vart tilkomst til vallokale i Valestrand krins tatt opp. Med alt det som føregår av arbeid i og rundt innkjørsel til skulen, vil det skapa store problem på valdagen. Tilkomst til vallokale og høve til parkering er svært dårleg.

Det er pålagt med tilrettelagt tilkomst for alle, og i samråd med ordførar er då følgjande gjort:

- Leiar i ungdomslaget på Valestrand, John Tveiten, er kontakta. Det same er Sølvi Neu, som er ansvarleg for utleige
- Det er gjort avtale om bruk av **Kongshall** på valdagen, og her er kyrkjekontoret sine interesser òg ivaretatt
- Valdirektoratet er kontakta. Det er ikkje problem å flytta til anna vallokale, men det må kunngjerast godt. Det er ikkje naudsynt å handsama dette formelt i Valstyret, men valstyret skal orienterast.
- Kunngjering som kjem i Bygdanytt tysdag 5. september vert korrigert før trykking
- Det vert kunngjort på kommunen si heimeside og på kommunen si FB-side
- Administrasjonen tar ansvar for oppslag på valdagen om at lokalet er flytta
- Administrasjonen tar ansvar for at det kjem oppslag **før** valdagen
- Valdirektoratet oppdaterer opplysningar om vallokale på sidene valglokaler.no

Me vonar at dette tiltaket vil føra til at mange i Valestrand krins vil nytta røysteretten sin på valdagen!

Dette til orientering.

Med helsing

Dagrun Revheim
Konsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Alexander Thunestvedt
Jarle Skeidsvoll
Runar Ludvigsen
Siren Tyssebotn
Turid Bjørndal Njåstad

Mottakar:

Berit Moslett Borge
Hjalti Heimir Gislason
Lars Fjeldstad
Ragnar Tyssebotn
Rita Tveiten